

Oslo, 17.3.2020

Kjære kollegaer,

Vi står overfor utfordringar i tida framover. Som ved andre sjukehus vert elektiv verksemd tatt ned ved Oslo universitetssykehus. Som dykk, må vi gjera fortløpande vurderingar. Inntil vidare stopper vi nyretransplantasjon med levande givar, og transplantasjon med avdød givar held fram.

I hovudsak vil nyre bakvakt hjå oss innkalla pasientar til nyretransplantasjon. Vi vil då spørja etter luftvegs symptomer og moglege eksponering for korona virus smitte.

Gaustad hotell (pasient hotellet) er i drift. Per no er det servering i matsal. Men personalet legg opp maten. Det er berre tomannsbord der. Etter transplantasjon må vi tenka på risiko ved hotell opphold vs. eventuell tidlegare heimreise. Pasientar med heilt ukomplisert forløp vil vi vurdera tidlegare heimreise for, som etter 4 veker. Dette må vi gjera på individuell basis og i samråd med dykk.

Avdeling for radiologi må også redusera rutine aktivitet og det vil ikkje verta tatt rutine transplantat biopsi ved 6 veker. Indikasjonsbiopsiar vert tatt. Ultralyd tx nyre ved avsluttande kontroll her tilstreber vi å gjennomføra.

Eit-års kontrollar vert inntil vidare avlyste fram til 15.mai. Det kjem ingen ny innkalling hit. Pasientane må henvisas til oss dersom det er indikasjon. Innkallingar for kontroll fram til 20 april er sendt ut. Også desse vert avlyste.

Ein av oss prøver å ringa dykk om pasientane som skulle hatt 1-års kontroll i perioden fram til 15.mai.

Hugs å ta EBV, CMV og BK PCR i blod. HLA antistoffer til IMMI. Etter kvart bør det tas ultralyd tx nyra og beinmineralmåling.

Beklager at dette kan medføra auka belastning ved nyreavdelingane.

Nyremøtene vil verta gjennomførte som vanleg.

Venleg helsing

Anna Varberg Reisæter, seksjonsoverlege, dr.med  
Nyreseksjonen  
Avdeling for Transplantasjonsmedisin  
Oslo Universitetssykehus